



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **16. mars til 22. mars**



Måndag 16. Kl. 10.00 - Seniortrim - Moster klubbhus

Seniortrim passar for alle og går føre seg i klubbhuset til Moster idrettslag. Ta med drikkeflaske og treningsmatte. Kostnad er kr 150 og gjeld for heile året.



Tysdag 17. Kl. 10.00 - Seniortur - Gilje - Ådnanesdalen

Bli med Bømlo turlag på turen Gilje - Ådnanesdalen. Enkel tur i lett terreng. Oppmøte og start ved Svortland skule kl 10.00. Kontaktperson: Alf Kr. Selle, tlf 951 65 853



Onsdag 18. Kl. 18.00 - Bokbad - Bømlo folkebibliotek

Bømlo folkebibliotek inviterer til bokbad med den prisbelønte forfatteren Agnes Ravatn. Her vil ein få høyra om hennar nyaste roman *Doggerland* og om forfatterskapet hennar. Billettar kan kjøpast på bomlokulturhus.no
Bill.pris kr 50



Torsdag 19. Kl. 10.00 - Torsdagstreffen - Røde Kors huset

Bli med på torsdagstreffen i regi av Bømlo frivilligsentral. Dagen startar med trim kl 10.00 etterfølgt at smørbrød og kaffi med noko attåt.



20. Kl. 19.00 - June kommune - Bømlo kulturhus

June kommune avspaserer på Bømlo er eit stand up show med Jan Rune Holdhus. June kommune er den mest populære karakteren til Holdhus, og showet har tatt Noreg med storm. Bill. kan kjøpast på bomlokulturhus.no
Bill.pris kr 480

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

Hald deg oppdatert

Visste du at me har direktesending av kommunestyremøta våre?

Bømlo kommunestyre sine møter er alltid på ein måndag klokka 16.00 (om ikkje anna vert oppgitt). Dei er opne for ålmenta både fysisk i kommunestyresalen i rådhuset på Svortland og via vår direktekanal på nettsida vår: <https://bomlo.kommunetv.no/>

Sendinga vert arkivert og teksta slik at du kan gå tilbake om du ikkje får med deg direktesendinga.

Oversikta over dei komande kommunestyremøta som blir direktesendt i 2026:

23. mars - 4. mai - 8. og **22.** juni (Politisk møte budsjettrevisjon 2026) - 21. september - **26.** oktober (Kommunedirektøren presenterer budsjett for 2027) - 2. november og 7. og **14.** desember (budsjett for 2027). Følg med på heimesida vår www.bomlo.kommune.no under Politikk for å finna føromtalar, møteinnkallingar og protokollar.

TIPS: Last ned **Innbyggjarappen** vår for å følgja med på det du er oppteken av. Les nettsideartikkelen vår: Ta i bruk Innbyggjarappen for Bømlo kommune.



Foto: Bømlo kommune

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

E-post: postmottak@bomlo.kommune.no

Telefon: 53 42 30 00